

---

**Fra:** Leif Taule <leif.taule@gmail.com>  
**Sendt:** 1. mars 2016 23:43  
**Til:** Postmottak Radøy  
**Kopi:** Jon Askeland  
**Emne:** Spørsmål til spørjetimen - manglande bustadtomter i Sæbøkrinsen

## **MANGLANDE BUSTADTOMTER I SÆBØKRINSEN**

I Sæbø har det - med nokre få unntak på Sæbø vest, samt dei som har vore heldige og fått frådelt tomt på garden dei vaks opp, vore veldig vanskeleg å skaffa seg bustadtomter gjennom mange, mange år. Dette har ført til at dei som har vakse opp her, i veldig stor grad har måtta flytta ut av kommunen - særleg til Meland og Lindås.

Mange synest dette er veldig frustrerende då det gjennom mange år har lagt eit ferdigregulert bustadfelt på Austmarka øvre. Men det synest som om ein absolutt kan stilla spørsmål kring seriositeten til dei ulike firma som opp gjennom åra, har stått som eigar av dette regulerte området.

I tillegg finst det også eit nyare regulert bustadområde - Hyllen, med flotte tomter nede ved sjøen i Austmarka. På nettet kan ein les at det her er seld to tomter.

I Kommunedelplanen for Radøy sør ligg det også inne fleire andre utbyggingsområde. Eg har heller ikkje registrert særleg aktivitet i forhold til desse områda.

Det er også grunn til å etterlysa arbeidet med Områdeplan for Austmarka - Kalnes som vart starta opp for mange år sidan.

### **Spørsmål**

Kva kontakt har kommunen hatt med eigarane av dei regulerte bustadområda det siste året og kva er gjort for å få eigarane til å setja i gong utbygginga?

Kva vil kommune gjera i 2016 for å få fortgang i utbyggingane?

Kva kontakt har kommunen med eigarane av dei andre utbyggingsområda i Kommunedelplan Radøy sør?

Kan kommunen gjera noko for at desse områda kan bli utbygt innan rimeleg tid?

Kva kan kommunen seia om arbeidet med Områdeplan Austmarka - Kalnes?

Med helsing  
Leif Taule